

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*



*Gud lat din fred, som høgre er  
enn hug og vit kan fata her,  
vårt hjarta vel få vara  
i Kristus Jesus, at me må  
den store jolegleda få  
som aldri bort skal fara!*

(THOMAS KINGO/ELIAS BLIX)



# *Kim, alle klokker!*



Jula ringes inn. Ut over by og land høres tonen som salmedikteren Grundtvig formidler:

*Julen er kommet med  
solhverv for hjertene bange.*

Dette er et glederikt bud. Håp, trøst, mot og gnist til hjertene bange.

Grundtvig skrev det slik midt på 1800-tallet. Livet var sammensatt den gangen som nå. Men det skjer noe stort og vakkert med barnet som fødes. Det er som når dører mot alle odds stilles på gløtt i en vanskelig situasjon der gode løsninger ikke uten videre er tydelige. Her er vi i nærheten av budskapet om Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt i blant oss.

Julebudskapet er brakt videre gjennom generasjoner. Dynnasteinen på Hadeland fra tidlig på 1000-tallet formidler hvordan juleevangeliet er brakt videre. Bildescenene som er risset inn, viser ingen majestetisk guddom, men et nyfødt barn som blir tilbedt. Vi ser Betlehemsstjerna i toppen, stallen med Jesusbarnet og Maria og de hellige tre konger som kommer ridende. De kommer for å tilbe Jesusbarnet og blir påminnet Guds nærvær.

Mennesker hører sammen på tvers av geografi og tid. Sammen minnes vi om å rekke og gi hverandre handa og uttrykke vilje og ønske om å bygge felles fremtid. Felles fremtid i et grensesprengende fellesskap med rettferdighet lokalt og globalt.

Jula er ei annerledes tid. Ei tid som er overskridende i tid og innhold. Kristi kjærlige lys holder oss fast i sannhet og håp.

Juleevangeliet setter oss nær til naturen, livet, skaperkreftene og til tidligere generasjoner, de som er gått ut av tida før oss. Våre forskjellige tradisjoner knytter oss sammen med det som var og det som er. Vi inviteres til å synge julens mysterium med englene:

*Ære være Gud i det høyeste  
og fred på jorden  
blant mennesker  
som Gud har glede i!*

Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær er midt i blant oss.

Velsignet julehøytid ønskes dere alle!

*Solveig Fiske*  
HAMAR BISKOP

# Prestegardstabburet i Slidre

## *Eit monumentalt stabbur i valdresmålestokk!*

### Litt historikk:

Stabburet er bygt ein eller annan gong mellom 1550 og 1650, heilt sikker datering er ikkje gjort. Tømmeret, gran, er hogge i skogen til prestegarden, stabburet er i to høgder med svalgang i båe høgden. Det er omlag 10 m gonger 12 m, og har altså ei samla golvflate på omlag 240 m<sup>2</sup>. Kva skulle presten med eit så stort matlager?

For å svara på det spørsmålet, må me sjå på korleis inntektene til presten var. I «En Haandbog for embedssøgende geistlige», utgjeven i 1828, er det ei oversikt over dei inntektene presten i Slidre kunne rekne med. Det var:

1. Tienda (alle skulle gje ein tidel av inntekta til kyrkja), vel 134 tønner korn. Ei tønne var i underkant av 139 liter.
2. Inntekt av dagsarbeidet åt gardbrukarane + ostetienda, vel 50 spesidalar. Ved overgangen til kronemynt i 1874 vart kroneverdien av ein spesidalar sett til fire kroner.
3. Offerskjeppa, alle gardar i matrikkelen skulle betala ei skjeppa korn, omlag 17,4 l, kvart år. Tilsaman vart dette 36 tønner korn.
4. Landskyld av 34 gardpartar som tilhørde prestebølet, tilsaman 53,5 pund smør og litt korn. Eit pund var omalg 500 gram.
5. Jordavgift av seld prestebolsgods, vel 12 tønner korn.
6. Skyssferd
7. Tredjeårstake, ei mindre avgift leiglendingar måtte betala kvart tredje år. Tilsaman 21 spesidalar.
8. Betaling for embetshandlingar, omlag 300 spesidalar.

I 1828 var den samla inntekta til presten i Slidre på 950 spesidalar. I tillegg kom overskotet av det sjølv prestegarden kasta av seg. Sokneprestebetet i Slidre var rekna for å vera det beste i Valdres!



*Eldre stabbe under stabburet.*

Folk hadde stort sett ikkje pengar, så me ser at presten fekk betalt i naturalia, difor måtte han ha stor lagringsplass.

Stabburet var ei såkalla



*Nye stabbar under sørveggen.*

åbodshus som skulle haldast ved like av allmugen, altså folk i bygda.

Nokon som klagar på skattetrykket i våre dagar?

Prestegarden og stabburet vart freda i 1991. Då hadde det allereie vore vølt på fleire gonger. Noko av vølinga var dårleg utført, sjølv om det sikkert var gjort i beste meining. «Det e dåleg umveling so ikkji muna!»

Stabburet hadde så store råteskader at det vart teke ned 2018, køyrt til Lom på tre stappfulle trailerar, reparert, køyrt attende og sett oppatt på ny tomt i tilknytning til tunet i prestegarden.

Firmaet «Stokk og stein» frå Lom har utført arbeidet, dei har no i november laga ny, lafta tropp i furu og lagt opp takrenner av kopar.

Stabburet skal vera heilt ferdig og stå i all si prakt til jubileummarknaden i prestegarden.

Riksantikvaren og fylkeskonservatoren har fylgt arbeidet heile vegen.

Det er Opplysningvesenets fond som eig prestegarden og stabburet, og kva bruken av stabburet blir, er ikkje avklara.

# Ope hus – for heile mennesket

Etter snaut åtte år som vestreslidringar flyttar Cecilie og Ola til Vanylven på nyåret. Der har dei kjøpt seg småbruk ved sjøen og fått seg nye jobbar som kommuneoverlege og sokneprest. Som både kollega og redaksjonsmedlem i kyrkjebladet inviterte eg meg sjølv heim til dei for å få dei til å seie noko om åra dei har hatt i kommunen. Vi sit i eit hjørnerom av prestegarden, med mange ikonar på veggane, og gjennom vindauget ser vi både Slidredomen og den svære lavvoen i hagen.

Då dei kom til Vestre Slidre i 2012 hadde dei allereie eigd hytte på Vaset i fem år. Der var dei mykje, opp til 70 dagar i året medan dei budde i Tromsø. Slik vart dei kjende i Valdres. Då Nathalie skulle bli døypt, var det eit godt og praktisk alternativ å få henne døypt i Slidredomen, slik at det vart kortare for familien å reise til dåpen. Då soknepreststillinga vart lyst ut eit lite år etter dette var dei ganske einige om å søke seg dit. Det passa godt, for Cecilie var i ferd med fullføre medisinstudiane i Tromsø.

Men kva har så skjedd i livet deira medan dei har budd her? Cecilie fortel om ei ganske variert tid, som har bore med seg avsluttande eksamen i Tromsø, arbeid i heimesjukepleia, turnusteneste på halvanna år i Lærdal og Førde, jobb på Beitostølen helsesportssenter, svangerskap og fødselspermisjon med Emmanuel og fastlegestilling i Vestre Slidre dei tre siste åra. Ola hevdar på si side at tida hans har vore meir forutsigbar. «Det er vel litt gitt kva presten skal gjere, dei vanlege tinga. Kyrkjelege handlingar, feire messe,» seier han. «Eit av dei store prosjekta har vore å byggje bru mellom barn og unge og kyrkja. I kva grad vi har fått det til, får andre seie noko om.»

Her får eg behov for å kome med ei innvending. Noko av det som Ola og Cecilie kjem til å bli hugsa for i Vestre Slidre er at dei i har opna heimen sin og arrangert store arrange-

ment som Tween Camp og julemarknad. Det er slett ikkje gitt at ein sokneprest og kona skal drive med slikt. Eg må få vite litt om kva som har drive dei to til å bruke så mykje tid og energi på dette. «Då vi kom hit, fekk vi ei oppleving av at folk sette pris på bygningen i prestegarden, at han er viktig for bygda», fortel Cecilie. «Vi tenkte at vi tre som flytta hit, ikkje treng eit så stort hus. Vi har prøvd å bruke huset, og huset har gitt oss moglegheiter som vi ikkje hadde i prestebustaden i Tromsø. Tween Camp-en var nok først og fremst Ola sin ide, men vi har gått inn i det saman. Vi har blitt kjent med ungene og ungdommane over fleire år, og det er eit lågterskeltilbod for å forkynne ordet.» Eg får vidare vite at julemarknaden har vore Cecilie sin ide. Ho fekk ideen allereie fyrste gong ho kom til prestegarden og såg den store furua ved porten. Då denne skulle lyssetjast, med 4300 lyspunkt, reiste dei fyrst til Biltema på Leira og tok med seg det dei hadde. Men så sende ho Ola til Gol for å kjøpe meir. Og så måtte han opp i lift for å få dei på plass. Dei to er einige i at denne aksjonen nok ikkje var HMS-klarert.

«Ved å opne opp heimen vår, har vi fått mykje velvilje», held dei to fram. Folk i bygda er lette å spørje om hjelp. I dag er det ein julemarknadkomite på 17 personar, i tillegg til alle dei som stiller opp og sel varene sine. Sokneråda har og lagt ned ein stor innsats i samband med Tween Camp-en. Dei kjem til å sakne dette samarbeidet med folket, og skulle gjerne ha halde fram med julemarknaden, ikkje minst når stabburet har kome inn i prestegarden. «Det er mykje jul i det stabburet», seier Ola. «Og det kan nyttast til barne- og ungdomsarbeid også», kjem det frå Cecilie.

Eg spør vidare om det er andre høgdepunkt dei vil trekke fram frå tida i Slidre. Ola nemner raskt påskefeiringa, og arbeidet i staben med å få til ei høgtidsfeiring som skiljer seg litt ut, ikkje minst med påskenattsmessa som eit høgdepunkt. «Taizemessene har eg og sett pris på», legg han til. «Det er litt utanom det ordinære.» Ola trekkjer også fram at han opplever at konfirmantarbeidet har prega ungdommane. «Det gjer inntrykk å sjå at tidlegare konfirmantar framleis kan gå til nattverd og korse seg dersom dei kjem til kyrkja etter at dei har vorte eldre.» Han seier seg også godt fornøgd med å ha fått til sidealteret i Slidredomen, og at det har vore eit godt samarbeidsmiljø, både på kontoret og mellom prestane i Valdres prosti. «Det har vore lite polemikk, stor romslegheit og gjensidig respekt for kvarandre. Vi får stor fridom og moglegheit til å finne ut av korleis vi vil forme stillinga.» Eg skyt inn og spør om korleis han oppfattar at kyrkjelivet har endra seg desse åra. Han nemner også at nattverdsfrekvensen har gått opp desse åra, mellom anna fordi det har vore prioritert å ha fleire nattverdsgudstenester og fordi vi ofte delar ut nattverden i midtgongen. Det har også vore auka gudstenedeltaking, særleg dei første åra.

Eg dreier samtalen over på gudstenedeltakinga. Vi har





i samarbeid endra noko på liturgien dei siste åra, i ein retning som nokon vil kalle høgkyrkjeleg. Andre har brukt omgrepet katolisering om bruken av bibelske salmar, prosesjonar, bruk av ikonar, ministrantar i kvite konfirmantkapper. Kva har vore Ola sin motivasjon for dette? Ola tenkjer seg godt om før han svarar, men blir meir og meir ivrig medan han pratar. Han fortel at liturgien biletgjer den trua som kyrkja ber. Det handlar om å syne høgtid, om vørnad for det heilage. Det å bøye seg er eit synleg uttrykk for dette. Folk legg merke til det og forstår det. Prosejonane syner at vi går inn i noko nytt, i gudsriket der gudstenesta finn stad. Messa er himmel på jord. «Eg har heile tida ynskt at gudsteneste skal tale til heile mennesket, ikkje berre til øyra og hovudet, men til alle sansar, samstundes som det er noko objektivt. Det gjev ro og tryggleik fordi det er likt frå sundag til sundag. Alt du treng for det kristne livet, og alt kyrkja trur, finn du i messa. Eg kunne gjerne ha brukt både ikonar og røykjelse meir. Røykjelsen minner om herlegdomen som fylte tempelet, og Guds nærver, og ikonane er vindaugo inn mot ein annan røyndom. Tidlegare kunne eg nok forstått skepsisen mot ikonar, men no tenkjer eg at det er det same som altertavlene, berre ein enda eldre type kristen kunst.»

«Men føler du at du har noko ugjort her?» spør eg. «Eg kunne ha tenkt meg å fått opna opp kordøra i Slidredomen. Eg skulle helst ha hatt vekk både preikestolen og søylene mellom skipet og koret. Og så skulle eg gjerne ha fått til den kyrkjeparken som vi ynskte oss mellom prestegarden og kyrkjegarden. Eg skulle gjerne også ha fylgd opp ungdommane lenger. Og personleg kunne eg gjerne ha hatt fleire bibeltimar og kanskje brukt noko meir tid på teologiske samtalar, både med kollegaer og leke kyrkje-medlemmar.»

Etter å ha prata ei stund om det vi kan kalle indre-kyrkjelege tema, så har eg behov for å finne ut av korleis fritidsinteressene deira, fotografering og handarbeid vart

så interessante. Ola fortel at det eigentleg starta med at han og Cecilie syntes dei hadde for få bilete av Nathalie på veggene og at dei godt kunne lære seg å ta gode bilete. Så Ola sette seg ned og fylgde eit nettkurs. Deretter vart han med på eit fotokurs i Vang og starta ein fotoklubb der han no er leiar. Med tida har det vorte nyare og betre utstyr og fotograferinga har vorte ei stor interesse, ikkje minst landskaps- og naturfotografi. Ola trekkjer også fram at han opplever at fotografen sitt fokus på perspektivval, mellom vidvinkel og zoom, froske- og fugleperspektiv, også har overføringsverdi når han skriv preike. Det er viktig å vere medviten om kva perspektiv ein vel, og at dette har ein konsekvens for kva ein får fram. Vi kan også glede oss til den nye boka om Slidredomen, som kjem til våren, og som nesten utelukkande har foto som Ola har take.

Cecilie fortel at handarbeidshobbyane har vore resultat av to svangerskap. Strikkeinteressa vaks fram parallelt med Nathalie, og synteressa under svangerskapet med Emmanuel. Det første syprosjektet var faktisk Ola sin prestekjole for tre år sidan. No er ho eigar av fire symaskiner som ho bruker til å sy klede til ungane. «Slappar du av nokon gong?» spør eg Cecilie. «Det lurar eg på og,» skyt Ola inn. «Eg slappar jo av når eg driv på med slike ting», svarar Cecilie, men eg har tatt eit bevisst val om at eg ikkje ser TV. Då får eg mykje tid til overs.» «Og så trivst eg med det eg bruker tid på, slik som dei store arrangementa – det gir energi også, ikkje minst når vi får samarbeide med alle som bidreg.»

«Men kva er det som gjer at de no flyttar?» spør eg. «Det er ikkje noko som gjer at vi drar», svarar Cecilie. «Men det er kanskje berre slik at vi skal vidare no, for alt la seg så godt til rette. Døra opna seg. Og vi ynskjer at ungane skal få tilknytning til ein barndomsheim. Skal vi flytte med Nathalie, så må vi gjere det no, før ho bli for gamal. Vi kjem også nærare familien. Men eg kjenner jo at eg gruer meg, og jo nærare det kjem, jo vanskelegare er

det å tenkje på. Vi er godt integrert i bygda, og opplever mykje goodwill. Vi veit heller ikkje heilt kva vi flyttar til.» «Eg tenkte på det her om dagen,» seier Ola. «På mange måtar er det galskap å flytte no. Eg har fått ein draume-kyrkjelyd. Mange går til messe kvar sundag, ikkje berre i egne sokn. Og vi reiser jo ikkje herifrå fordi vi er slitne. Det er mykje her vi kunne ha fortsett med lenge. Men vi gler oss jo til å få eit eige hus, sjølv om det har vore flott å bu i prestegarden.»

På spørsmål om kva dei kjem til å sakne mest frå Vestre Slidre, er dei to ganske så samstemte: Menneska i bygda – alle dei som dei har fått ein relasjon til, både privat og gjennom arbeid som lege og prest. «Vi kjenner oss taknemlege for det vi har opplevd og lært her, for mange gode minner. Det er små forhold, og dei same menneska som vi treffer på jobben, møter vi og privat. Gjennom jobbane våre har vi fått kome tett innpå folk, ikkje minst når vi har fått gå rundar saman med menneske som har hatt det vanskeleg, vi har fått både gråte og smile saman med dei.» «Valdres vil alltid være viktig for oss. Mor og far til Cecilie eig hytta på Vaset no, så vi kjem nok til å kome tilbake jamnleg. På

småbruket vi har kjøpt, har vi allereie hengt på Valdres-tempen, og ikkje minst skal vi få måla valdresrosa på låveveggen. Og så håpar vi sjølv sagt at vestreslidringane vil kome på besøk til oss i Vanylven.»

I det vi avsluttar intervjuet, og medan eg reiser heim kjenner eg og på takksemd, både som kollega og som privatperson. Og det slår det meg at dei to, gjennom både jobbar og private initiativ har hatt mennesket, med alle sine sider, som fokus. Om det gjeld helse, andeleg behov, leik og moro, oppleveringar, sanselege gudstenester eller behovet for ein fellesskap – svært mykje av det dei har gjort, har vore retta mot folk. Og eg kjenner at dei har lært meg noko, både om å våge å tenke stort når ein trur på noko, om det resulterer i ein svær lavvo i hagen, 4300 lys i ei furu, fotoutstyr til mangesifra beløp eller ein stor ikon i ei 800 år gamal kyrkje. Og eg har lært noko om kva rausheit og gjestfridom betyr – både for den som inviterer og den som blir invitert.

*Sjå invitasjon til avslutningsfest bak på bladet!*

Are

# Julemarknad i prestegarden

*Laurdag 30. november var det julemarknad, boder av alle slag, ponny, eit smio-ste, matlukt, kaffesal, julekrybbe i kjellaren, eit staseleg stabbur med fotostudio, besøk av St. Nicholas og julegrantenning. Her var det ekta vare heile vegen!*



*Her lagar dei brente mandlar.*



*Geir kan meir enn sitt Fadervår!*



## Frelsesarmeen Fagernes

Også i år står julegryta vår på X-tra, Fagernes, kvar fredag og laurdag i advent-tida. Vi takkar alle som legg pengar i gryta vår. Pengane som kjem inn, blir brukte til å hjelpe familiar som treng økonomisk stønad, spesielt til jul. Det blir pakka matkorger til dei som søker om julehjelp.

Er det nokon som har lyst til å gje julepakke til barn eller vaksne, tek vi gjerne i mot det ved julegryta. Det som er i pakkene må vere heilt og reint. Er det nokon som er glad i å strikke? Vi tek med glede i mot strikka-sokkar, spesielt i str 45/46. Alle strikka plagg er velkomne!

Takk til glade gjevarar!

# Madonna i biletkunsten

Midt i julestrida, når nissane tyt ut frå alle krokar, kan det vera fint å kunne kaste augo på noko heilt anna. I boka frå 1997 «Eit barn er født» av Ingvild Pharo og Egil Sagstad får vi litt innsikt i korleis julemysteriet er tolka op nokon av altertavlene i vår bilettradisjon.

**JOMFRU MARIA, MARIA MØY, HIMMELDRONNING ELLER MADONNA** – (kjært barn osv...) – var det mest brukte julemotivet i kyrkjene våre frå gamal tid, dvs før reformasjonen.

Julemotiva kan delast inn i to kategoriar:

Den fyrste kategorien er Madonna med barnet – ei tidlaus framstilling av mysteriet på julenatta – inkarnasjonen – det at Gud vart menneske – og dermed oppfyllinga av Guds plan. Samstundes er Maria ein historisk person som gjev Gud ein menneskeleg natur gjennom Jesus. Slik vert dette eit bilete på ei teologisk sanning. Ikkje lett å utkonkurrere eit slikt motiv!

Den andre kategorien er resten(!), dvs alt det andre som hende rundt Jesu fødsel slik det vert fortalt i Lukas- og Matteusevangeliet.



## **BYSANTINSK DRONNING**

På altarfrontalet i Tingelstad kyrkje på Hadeland, frå ca 1250, ser vi ei tronande Maria med barnet på sitt venstre kne under ein gotisk boge. Ho har grøn kjole med gullvoven halskant og raud kappe. Trona ho sit på er bysantinsk keisarleg, med dei finaste silketrekte puter...

## **LITEN VAKSEN**

Jesusbarnet er framstilt som ein vaksen i miniatyr, noko som var vanleg før kristendomen heilt hadde festa grepet. Han er kledd i kvitt og klappar mor si på kinnet med eine handa. Med den andre held han Bibelen.

Stilmessig er dette knytt til nordfransk og engelsk biletkunst frå same periode, med gotiske figurar; slanke og lyshåra og med folderike klede. Alt er måla med oljeblanda farger som opprinneleg var sterke og klåre.

## **KVA HAR MARIA I HANDA?**

Det kan sjå ut som eit eple, men det var fyrst i ei seinare periode ho vart utstyrt med slikt. Her ser vi ei ammande Maria med nakne bryst. Dette motivet finst i mange versjonar fram til renessansen, men vart borte frå biletkunsten etter konsilet i Trento (1545 – 1563), då vart det forbode å framstille heilage personar med nakne lekamsdelar i utrengsmål.

**HANSEATANE** er vel ikkje tala om med så mykje ære i sogebøkene våre, men meir som utsugarar av fattige fiskarar. Pusst er det då at langs heile kysten vår står kyrkjer med flotte, seinmiddelalderske altarskåp, mange av dei store og kostbare, alle med utskorne figurar i sterke farger og rikeleg forgylling.





Dei fleste er laga av nordtyske handverkarar, mest frå Lubeck-området, og vart rimelegvis frakta hit med hansabåtane. Altarskåpa vart kjøpte av dei lokale kyrkjene for skattepengar frå kyrkjelyden. Nokon kan og vera gåver frå privatpersonar.

Bergen og Trondenes, like ved Harstad, kan reknast som to viktige endestasjonar på handelsruta åt hanseatane, sjølv om det fanst mindre stasjonar både lenger nord og lenger sør.



### HIMMELDRONNING

Midtskåpet i Trondenes kyrkje viser himmeldronninga som ein forgylt relieffskulptur, omkransa av ein mandelforma turkisblå krans, som symboliserer himmelkvelvingen. Ho held det nakne barnet på høgre arm og eit eple i venstre hand (ja, denne gongen er det eple). På hovudet har ho ei stor sein-middelaldersk krone.

**EPLET** viser til syndefallet ved den fyrste Eva – og forsoninga med den andre Eva – som er Maria.

**JESUS** er her framstilt som eit lite barn, noko som tyder på at kristendomen har fått solid fotfeste.

I 1406 fekk dei tyske kjøpmennene råderett over Maria-kyrkja i Bergen. Der finn vi og det største og flottaste altarskåpet.

### MARIA I STRÅLEGLANS

Dette er eit Lubeck-arbeid i eik. Madonna tek opp heile høgda på skåpet, der ho står i blå kjole med raudfora gullkappe om seg, på ein halvmåne i midten under ein tredelt baldakin. Rundt henne er solstråler ramma inn av ein blå krans fylt med stjerner – nok eit bilete på himmelkvelven eller universet. To englar held krona over hovudet hennar, medan to musiserande englar tilbed henne. Ho ber eit nake Jesusbarn som ho held opp ei bok framfor. Gullgrunnen bak Maria har brokademønster...

Plassert på himmelen, dvs like under Guds trone, reflekterer ho lyset frå Gud sjølv.

**MANNсандLETET UNDER HALVMÅNEN** som Madonna står på kan vera eit bilde av djevelen, eller ei personifisering av månen, ikkje så lett å avgjera. I alle fall vil Madonna i stråleglansen bli sett i samband med kvinna som vert jaga av dragen, men slepp unna ved Guds hjelp.

Hansatane hadde kyrkja fram til 1766. Då vart den siste tyske handelsstova seld, og kongen overtok heile egendomen. Det var likevel ein tysk kyrkjelyd i byen til 1874, og til 1868 vart det nalde preiker på tysk – men då berre annankvar sundag.

Etter reformasjonen tok dei protestantiske altarbileta over, julemotiva vert så godt som borte, påsketemaet dominerer. Men i mange av dei gamle kyrkjene står dei gamle altarbileta framleis på plassen sin...




# Svar på spørsmåla og fargelegg bildet



1. Kan du fortelja kven personane på bildet er?
  - a) Elisabeth, Zacharias og Johannes,
  - b) Maria, Josef og Jesus,
  - c) Marta, Maria og Lasarus
2. Dei er ute på reise, kvifor det? Skal dei
  - a) rømme frå kongen
  - b) reise på ferie
  - c) skunde seg heim.
3. Kvar trur du dei skal?
  - a) til Jerusalem,
  - b) til Egypt
  - c) til Betlehem


## JULESODUKO:

Tegn inn i dei tome rutene slik at det blir ein juleting av kvart slag på kvar bilderad.



## LABYRINT:

Kan du hjelpe Per og Kari med å finne vegen fram til julegåvene?



## BOKSTAVMIKS:

Bokstavane har stokka seg heilt om. Klarar du å finne ut kva for ord det er? Dei har noko med vinter å gjera.

REVINT= \_\_\_\_\_ NØS= \_\_\_\_\_ KIS= \_\_\_\_\_ DEULK= \_\_\_\_\_

OKAAK= \_\_\_\_\_ BETAKTER= \_\_\_\_\_ KOSAKRULL= \_\_\_\_\_


SIRROSE= \_\_\_\_\_ JOBBEKAKLE = \_\_\_\_\_ TATROV= \_\_\_\_\_

# ... som var i spådom sagt ...

*Det hev ei rose sprunge  
ut av ei rot så grann.  
Som fedrane hev sunge:  
Av Isais rot ho rann,  
og var ein blome blid  
midt i den kalde vinter  
ved mørke midnattstid.*

*Om denne rosa eine  
er sagt Jesaja ord.  
Maria møy, den reine,  
bar rosa til vår jord.  
Og Herrens miskunnsnsmakt  
det store under gjorde  
som var i spådom sagt.*

*Guds rose ljuvleg angar  
og skin i jordlivs natt.  
Når hennar ljøs oss fangar,  
ho vert vår beste skatt.  
Me syng i englelag:  
No er det fødd ein Frelsar,  
og natti vart til dag.*



Det viktigaste motivet i teksten er rosa som blømer midtvinters, i djupaste mørkrer – som angar og «skin i jordlivs natt». Rosa var eigentleg eit symbol på jomfru Maria, og salmeteksten handla opphavleg om henne. Men etter reformasjonen vart salmen omskriven. Reformatorane syntes Maria hadde fått for mykje plass i trua, og dei omdikta mange av salmane slik at dei handla om Jesus i staden.

Ser ein nærare på teksten, ser ein at han er bygd opp over tre profetiar frå Jesaja-boka i Det gamle testamentet. Her finn vi tanken om lyset som skin for det folket som vandrar i mørket (Jes 9,1) og at jomfrua skal bli med barn og føde ein son (Jes 7,14). Og i fyrste verset av salmen finn vi referansen til Isai' rot. Isai var far til kong David, og dermed stamfaren til Jesus. Når Jesaja skriv, er det krise i Israel, men han lover at «Ein kvist skal skyta opp frå Isais stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter.» Derfrå skal det kome ein frelsar som skal gjenreise Israel og innføre paradisiske tilstander der «ulven skal bu saman med lammet». Salmen sitt hovudfokus er altså korleis tre profetiar frå Jesaja er oppfylde ved at «Herrens miskunnsnsmakt det store under gjorde.» Jesus blir fødd av Maria møy midt i eit kaldt og mørkt vinterlandskap, og at mennesket dersom det blir fanga av lyset og lukta frå denne rosa, kan kan stemme i saman med englane «No er det fødd ein Frelsar».

*Are*

Den kvite blomen julerose er vanleg å pynte med til jul i norske heimar. Trass i at det eigentleg ikkje er noka rose, og at ho er giftig. Men ho kan vekse opp gjennom snøen og bløme om vinteren. Ei legende frå mellomalderen fortel om ein tysk munk som vandrar gjennom skogen og får auge på dei kvite julerosene i snøen. Han plukkar dei og tek dei med seg tilbake til klosteret der han set dei i ein vase foran biletet av jomfru Maria. Ein annan munk kjem inn, ser blomane og blir inspirert. Han diktar *Det hev ei rose sprunge*.

Om dette er sant, er vel ikkje så greit å finne ut av, men vi veit at teksten er av eldre dato. Han er trykt fyrste gong i ei songbok i 1597 og er der omtala som *ein gamal katolsk song frå Trier*, så vi kan i alle fall rekne med at han er langt eldre enn det. Opphavleg har han hatt ikkje mindre enn 23 vers. I 1609 fekk han den musikalske utforminga vi kjenner i dag då melodien vart arrangert for kor av den tyske organisten og komponisten Michael Praetorius. Han brukte berre to av versa. Det siste verset er skriva på 1800-talet. Sjølv om salmen er gamal, har han ikkje ei veldig lang historie i norske salmebøker. Han kom inn fyrst i Nynorsk salmebok, og Peter Hognestad si omsetjing er den som har vorte vanleg å bruke i Noreg.

**LØYSINGAR:** BILDET: 1) Jost, Maria og Jesusbarne. 2) Dei rømer frå kong Herodes 3) Egypt  
**BOKSTAVMIKS:** vinter, snø, ski, kulde, kakao, akébrett, ullsokkar, isrosar, boblelakké, vottar.

# VALRESULTAT OG NYE SOKNERÅD/FELLESRÅD

Kyrkjevalet blei i år arrangert i lag med kommunevalet, på eigen plass i kulturhuset i Vestre Slidre. Valdeltaking var noko lågare enn i 2015-noko som viser seg å vere lik vals-opplutninga dei fleste stadar i landet.

## VALDELTAING I DEI ULIKE SOKNA

SOKN	SR 2015	SR 2019	BDR 2015	BDR 2019
RØN	33%	23%	21%	16%
SLIDRE	28%	23%	22%	14%
LOMEN	42%	32%	27%	21%

SR=Soknerådsvæl

BDR= Bispedømmerådsvæl

Antal stemmer til SR er lik totalt antal stemmar

Dei nye sokneråda, med seks medlemmar i kvart sokn og ein møtande vara, ser no slik ut:

### LOMEN:

Torunn Kjøs (leiar)  
Per Olav Eide  
Gunnhild Elverum  
Gullik Stee  
Line Neståker Aastad  
Elin Berget Håkerud  
Marit Kårstad

### SLIDRE:

Toril Olvik (leiar)  
Anne Karin Rud Truberg  
Aslag Hamre  
Kai Ole Ødegård  
Robert Pedersen  
Ivar Haugerud  
Liv Berge

### RØN:

Stein Ivar Sørengen (leiar)  
Johanna Fuglesteg  
Marianne Tuvmarken  
Ingunn Snortheimsmoen  
Gunvor Hambro  
Knut Lagrud  
Jan Erik Lisjordet

## Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar. Huset har dekketøy til minst 60 personar, industri-oppvaskmaskin og kjøleskåp. Leigesum er 750,-.

Ta kontakt med leiar i Røn sokneråd, Stein Ivar Sørengen, mob. 97 54 95 77.

## Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leiarar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

FELLESRÅDET (FR): Her sit det to representantar frå kvart sokneråd, prest, repr frå kommuna og kyrkjeverje. Dei har 5-6 møte i året – inkludert ei befaring for gjennomgang av kyrkjebygg/gravplassar i juni. På FR-møte vedteik ein budsjett, evt tilsetjingar, avgifter og evt andre ting som dukkar opp.

Representantar no er: Torunn Kjøs, Per Olav Eide, Toril Olvik, Aslag Hamre, Johanna Fuglesteg og Marianne Tuvmarken. I tillegg sit også Ola Døhl, Veslemøy Kvamme og Odd Ivar Sørengen (repr frå kommuna) i rådet. FR konstituerar seg 12.desember.

Vi ønsker alle dei nye soknerådsmedlemmane og Fellesrådsmedlemmar varmt velkomne, og ser fram til å samarbeide med dykk alle!!



Dei som møtte frå det «Gamle soknerådet» takkas av her.



Her er eit utval av dei nye soknerådsmedlemma.

## Utdeling av 4-årsbok

Søndag 24.november møtte det åtte fine 4-åringar til gudsteneste for å motta den flotte 4-årsboka. Prest Ola Døhl las opp namna og kvar og ein fekk ta i mot si eiga bok. Til slutt fekk dei synge «Om eg er liten eller stor» i lag med Ola og resten av kyrkjelyd.



Fv. *Andreas Nordli, Even Finsveen, Emil Kirkeengen Finneberg, Fiona Bråten Bragerhaug, Eline Ringsaker Vika, Antonia Daniela Istrate og Nelia Haugrud (fremst). Vilde Dalen Flyåker var ikkje til stades under fotograferinga.*

## Utdeling av 6-årsbok

Søndag 15.september var det hausttakkefest og utdeling av 6-årsbok ved gudstenesta i Lomen kyrkje. Ni forventningsfulle born møtte for å motta kvar si bok som trusopplærar Geir Kongslie delte ut. Dei fekk og synge nokre songer frå boka i lag med Geir og Ola – det var flott for tilhøyrarane og både sjå og høre denn flotte bukett. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe.



Bak fv: *Martin Finsveen, Håkon Børve Drevsjømoen, Kim Tvenge, Syver Melby Strand, Andris Rolandsgården og Martin Ranheim Tvenge. Foran fv: Elise Rogn Johnsen, Tuva Rogn Johnsen, Alma Ringsaker Vika, Elida Gangstad Nordli, Julie Sunnbotten Hovland og Ellie Bråten Bragerhaug.*

## LYS VAKEN 23-24 november i Røn

Lys vaken er eit opplegg innan trusopplæring der 10- og 11-åringar blir invitert til å overnatte i kyrkja. Dei ulike elementa i kyrkjerommet, td døypefonten, talarstolen osv, går på skattejakt og besøker kyrkjetårnet. Så et dei god mat og godteri og spelar spel. I år møtte det 8 gutar og 1 jente. Geir Kongslie, trusopplærar, var ansvarleg for opplegget og å løse ungene gjennom ettermiddagen/kvelden. Røn sokneråd var behjelpede med matlaging både laurdag kveld og søndag morgon. På natta fekk Geir god avlastning av foreldre som var vakne nattevakter, så han fekk sove litt. Søndag var det frokost i kyrkjestogo og opptreden på gudstenesta i Røn Kyrkje. Geir intervjuar ungene, og dei hadde litt av kvart å fortelje om snøballkasting (som var ein stor aktivitet på laurdagen!), nattevake (dei meinte at dei ikkje hadde sove noko, dei hadde

«døgna»-medan dei vaksne sov!) og besøk i kyrkjetårnet i mørkret. Det var tydeleg at denne gjengen hadde hatt det både morosamt og fint i lag, og alle lurte på om dei kunne få vere med neste år også! Avslutningsvis i gudstenesta song dei så fint «Vær meg nær o Gud» for oss. Neste haust vil 10- og 11-åringar igjen bli invitert til lys Vaken – det er berre å glede seg!



*Kyrkjeklokkering for messe. Theodor, Ola, Odne og Jørgen er klare til å ringe med klokkene.*



*Gjengen som til stades på Lys Vaken. Foran: Odne Krossøy-Gullhaug, Teodor Nybråten Berg, Ola Kvamme Nygard og Noah Hålien. Bak: Vemund Røn, Even Flyåker Dalen og Jørgen Kirkeengen Bergheim (Maiken Rogne var med på laurdagen).*

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## August – November 2019

Døypte:	<b>Slidre Sokn:</b>	25. august	Amund Vedøy Hemsing		
		10. novmber	Herman Kahrs-Karlsen (døpt i Holmenkollen Kapell, høyrer til Slidre sokn)		
	<b>Røn sokn:</b>	22. september	Ida Bjørgo Hambro		
		22. september	Erle Myrvang		
	<b>Lomen sokn:</b>	13. oktober	Hedda Lyseng Hovda		
		13. okober	Erika Lyseng Hovda		
Vigde:	<b>Slidre sokn:</b>	31. august	Gunvor Hamre og Martin Helle Opedal		
		21. september	Merethe Hagen Reien Mcbride og David John Mcbride		
	<b>Røn sokn:</b>	17. august	Sissel Strømmen Fodnes og Kai Olav Amundsen		
		10. august	Bahia Pascal Munoz og Andrés Munoz Serratos (busett i Oslo)		
	Gravferdshandling:	<b>Slidre Sokn:</b>	3. september	Karoline Kirkeengen	f. 1932
			18. oktober	Sigrid Skåren	f. 1928
8. november			Glenn Tvenge	f. 1989	
<b>Røn Sokn:</b>		30. august	Knut Viste	f. 1960	
		11. oktober	Bjørn Eugen Kristiansen	f. 1956	
		5. november	Olav Ivar Viste	f. 1929	

## Sikkerheit i kyrkjene ved større arrangement

Ved større arrangement i kyrkjene, som td ved større gravferder, som vi dessverre har hatt fleire av siste året, har vi nokre utfordringer. Sjølv sagt ønsker vi at alle som vil seie farvel skal få kome inn og vere med på seremonien i kyrkja. Vi gjer det vi kan for å få inn flest mogleg i kyrkjerommet, samstundes som vi må tenkje på sikkerheit. Vi har klare retningslinjer frå brannvesenet – og sjølv sagt lyttar vi til dei. Dagleg leiar i kyrkja (kyrkjevevje) og soknerådet i soknet der gravferda skjer er ansvarlege for sikkerheita ved større tilstelningar i kyrkjene. Det skal vere fri ferdsel ut til brannutgangar, lause stolar kan berre stå inntil vegg, vi kan stripse saman ei rad der det er rom for det. Om vi tar inn fleire enn antalet som kyrkjerommet etter brannforeskriftane tillet, må det vere fleire brannutgangar (td bakkdør og/eller sidedør), og vi må ha ekstra personell som brannvakter. Vi set opp høgtalarar ute når vi trur at det vil kome mange fleire enn det er plass til, slik at ein kan få med seg mykje av innhaldet i seremonien sjølv om ein ikkje får kome inn. Brannvakter bør også vere synlege – ifall noko skjer. Vi ser no etter eit plagg som er synleg og samstundes diskre – td ein kvit vest ol (vi er ikkje så glade i dei gule refleksvestane!) Vi trur også på at ved at vi er meir personell til stade, er vi med å skape ei ro for dei pårørande – som er dei vi tenkjer aller mest på. Ved nokre gravferder i året som har gått, har det kome langt fleire enn vi har sett



for oss – vi er lei oss for at vi ikkje har vore like mange ekstra til stade då - dette er ikkje alltid så lett og vite.

Vi ber om forståing for at vi respekterer brannvesenet sine retningslinjer. Er det veldig viktig for deg å vere inne i rommet, møt opp i god tid – vår erfaring ved større gravferder er minst ein time før.

Tilatt antall i kyrkjene i Vestre Slidre:

Røn Kyrkje:	120
Øyjar Kapell:	80
Slidredomen:	200
Lomen kyrkje:	200
Lomen stavkyrkje:	150

# MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
<b>JANUAR</b>				
01.01	Jesu navnedag	11.00	Øyar	Sokneprest Ola Døhl
05.01	Kristi openberringsdag	11.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
12.01	2. s. i openberringstida	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
			Avskjedsgudstjeste som Ola og familien	
19.01	3. s. i openberringstida	11.00	Røn	Sokneprest Ola Døhl
26.01	4. s. i openberringstida	<b>FRIHELG</b>		
<b>FERUAR</b>				
02.02	5. s. i openberringstida/Kyndelmesse	19.30	Slidredomen	Taize-messe
09.02	Såmannssøndag	11.00	Lomen	Søndagsskoleskirenn
16.02	Kristi forklaringsdag	11.00	Røn	
23.02	Fastelavenssøndag	<b>FRIHELG</b>		
26.02	Oskeonsdag	19.30	Slidredomen	
<b>MARS</b>				
01.03	1. s. i fasta	11.00	Røn	
08.03	2. s. i fasta	11.00	Slidredomen	
15.03	3. s. i fasta	<b>FRIHELG</b>		
22.03	Maria bodskapsdag	11.00	Lomen	
29.03	5. s. i fasta	11.00	Røn	

Vi tek atterhald om endringar. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres eller [www.facebook.com/Kyrkja-i-Vestre-Slidre](http://www.facebook.com/Kyrkja-i-Vestre-Slidre).  
På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

## Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

## Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

## Gåver til kyrkjebladet Juli-November 2019

*I forrige nummer sto det oppført alle dei som gav pengegåver til kyrkjebladet fram til juli månad – og det var mange! Siden da har vi faktisk fått inn endå fleire gåver – takk for givervilje frå dykk alle saman!! Til no i 2019 har vi fått inn nær 50 000,- frå dykk lesarar og ca 5000,- i offergåver. Det betyr at vi kan gå i eit bra pluss i år og byggje opp fondet att – det er vi svært takksame for! Reknskapet for 2019 vil de få sjå i neste nr av kyrkjebladet.*

Gåver frå juli til november månad: Ingrid og Birger Wangensten, Astrid Rye, Ingrid Rogn, Solveig og Torstein Husaker, Ingrid og ola Moe, Torbjørn Øygard, Nils Anmarkrud, Bjarne Aanonsen, Anne-Marit Røn, Anne Riste Skjelbreidalen, Anne Berit Strømmen Strand, Kjell-Øystein Myhre, Susanne Engelmann, Nils Dokkehaugen, Anne Bjørg og Nils Dokken, Oddrun og Gunnar Kverneggen, Målfrid og Andris Rødningen, Ragnhild Strømmen.

Ønsker du å gje ei gåve til kyrkjebladet? Bruk kontonr 2153.07.09296 og merk betalinga med kyrkjeblad og namnet ditt.

## Velkomne til avslutning for Ola Døhl m/familie!

Ola sin siste arbeidsmånad hos oss er januar 2020, men sjølv **avslutningsgudstenesta** blir i Slidredomen **søndag 12.januar kl.11.00**. Dei tre sokneråda lagar til fest i kulturhuset, festen byrjar like etter gudstenesta er ferdig – dvs frå ca kl 12.00/12.30. Det blir servering av rømmegraut med tilbehør og kaffe/kaker – vi syng i saman, og truleg blir det talar og helsingar til Ola. Arrangementet er gratis. **ALLE** som vil, både barn og vaksne, er **VELKOMNE** til avslutning for Ola og familien hans. Om du vil koma på gudstenesta først er det sjølvsaugt fint – men om du vil kan du kome rett på festen også! **VELKOMEN!!**

## KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er oppe: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00  
Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

### TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg felle råd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Ola Døhl	48132050	Sokneprest	slidrepresten@gmail.com
Veslemøy Kvamme	61345095	Kyrkjevevjerje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	are.alund@gmail.com
Geir Kongslie	61345098	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	



*Vi vil ynskje dykk ei god og fredfull  
julehøgtid og eit Godt nytt år!*

#### Redaksjonen:

Elisabeth Robsam Dahl, Sigrun Sørensen, Per Olav Eide, Are Alund,  
Veslemøy Kvamme, Anne Karin Rud Truberg og Johanna Fuglestad



### Wangensten AS

Golsvegen 23  
2920 Leira i Valdres



Kiwi Røn – Lundeskogen 9 – 2960 Røn

### Røn VVS AS

Røn butikksenter  
2960 Røn

Takk til annonsørane for støtte til kyrkjebladet!